



Sakspapir

Sakshandsamar:	Frode Hervik	
Arkivsaknr.:	14/399	Klassering:

Vidare breibandsutbygging - Rammer for søknad

Vedlegg:

Kart_Felt_Bergsvik-Lerøy

Kart_Felt_Hopland

Kart_felt_Kjelstraumen-Utkilen-Synnevågen

Kart_Felt_Rebnor-Øksnes

Innspel til høyring - utbygging av breiband til husa på Bakka

Innspel til høyring om utbygging av breiband - Bakka

Innspel til høyring om utbygging av breiband - Vikane

Innspel til høyring om utbygging av breiband - Rebnord og Øksnes

Innspel til høyring om utbygging av breiband på Årås - Leikvoll - Solen

Høyningsuttale utbygging av breiband

Ynskje om fiber/ breiband til Austrheimsvegen 1444, 1464 og 1474

Breiband til Søre Njøten

Utbygging av breiband i Kvalvågen

Ny_Felt_Leikvoll_Solend_Førland

Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Det vert søkt Post- og teletilsynet om tilskot til vidare breibandsutbygging i tråd med saksframlegget.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Austrheim sette i 2013 i gong eit prosjekt med utbygging av breiband med høg hastigkeit basert på fiber, og fekk tilsegn om 1,6 mill. i tilskot frå Hordaland fylkeskommune som fordele midlar til dette. Austrheim kommune har hatt utbygging ute på anbod, og har inngått avtale med BKK om utbygginga. Dette resulterer i utbygging av breiband basert på fiber til følgjande område i år:

- Kaland
- Fonnes, inkludert Fonnesstraumen
- Kvalvågen
- Sætre
- Mastrevik
- Årås

· Austrheim

Totalt 705 husstandar og bedrifter får tilbod om tilkopling.

I 2014 er tilskotsordninga lagt om ved at det er Post- og teletilsynet som forvaltar midlane. I år er det også krav om at kommunar som søker tilskot skal offentleggjere informasjon om kva geografisk område den planlagde utbygginga gjeld, med høringsfrist på minst ein månad. Dette gjer tidsaspektet svært trøngt tatt i betrakting av at tilskotsordninga vart utlyst 28.03. Dette gir lite tid til kommunane for å førebu søknad, forankre politisk og ha høringsperiode. Post- og teletilsynet opererer med følgjande tildelingskriterier og vektlegging av desse:

1. Antall husstander som får et tilbud om bredbånd med grunnleggende god kvalitet
2. Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt
3. Lokal medfinansiering
4. Plan for bærekraftig drift etter at utbyggingen er gjennomført
5. Bedring av eksisterende bredbåndstilbud
6. Betydning for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggere næringsliv og besøkende

Vektlegging kriterier	av Nr	Evalueringeskriterium	Vurderingselementer	Vekting
1		Antall husstander som får et tilbud om bredbånd med grunnleggende god kvalitet	- <i>Antall nye aksesser og relativ økning av dekning</i>	25%
2		Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	- <i>Best mulig utnyttelse av tilgjengelige midler</i> - <i>Investeringskostnad per aksess</i> - <i>Tilgang til eksisterende infrastruktur som grøfter, stolper, punkt etc.</i>	20%
3		Lokal medfinansiering	- <i>Lokal medfinansiering, sett ift. antall aktuelle brukere/kunder</i> - <i>Grad av egeninnsats</i>	10%
4		Plan for bærekraftig drift etter at utbyggingen er gjennomført	- <i>Sannsynlighet for at bredbåndstilbuet kan opprettholdes og videreutvikles</i>	15%

5	Bedring av eksisterende bredbåndstilbud	15%
		<i>- Antall aksesser som får økt kapasitet og hvor stor kapasitetsøkningen er</i>
6	Betydning for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggere, næringsliv og besökende	15%
		<i>- Samfunnsgevinsten som utløses av bredbåndsutbyggingen</i>
		<i>- Konkrete eksempler på betydning for lokalt næringsliv etc.</i>
		<i>- Bedring i mobildekningen</i>

Vurdering

Austrheim kommune si arbeidsgruppe, som består av Rolf Raknes (planavdelinga), Hilde Hardang (teknisk) og Frode Hervik (Prosjektleiar utvikling), har gått igjennom kartdata og vurdert kva for område det vil vere hensiktmessig å byggje vidare ut. Resultatet av denne gjennomgangen er at det vert søkt om tilskot til utbygging av fiberbasert breiband til følgjande område:

- Kilststraumen, Utkilen og Synnevågen.
- Leikvoll-Solend.
- Hopland.
- Bergsvik-Lerøy.
- Rebnor-Øksnes.

Basert på førre utbyggingsrunde vil pris for utbygging av desse områda ligge på om lag 2. mill. kr. Dette er eit grovt estimat, fordi ein ikkje har full oversikt over kva utfordringar ein utbygger vil stå overfor i desse områda. Ein tek sikte på også å nytte deler av fondsmidlane som vart sett av til breibandsutbygging, noko som vil verte vektlagt av Post- og teletilsynet.

I høyringsrunden kom det inn følgjande innspel:

- Yngve Kaarstad, Vibeke Kaarstad, Rikke Hope, Kjell Hope og Torill Heldal Hansen ynskjer breiband til Austrheimsvegen 1444, 1464 og 1474 på Førland. Kommentar: Desse tre husa fell utanfor området Leikvoll-Solend som har med deler av Førland. Dersom desse tre husa skal med i fiberutbygginga, bør dei med no. Det vert derfor tilrådd å utvide området med desse tre husa.
- Annette Brügger har ynskje om breiband til Søre Njøten og ynskjer at området vert lagt til utbygginga av Leikvoll-Solend. Det vert vist til mange nye hus i området. Kommentar: Det vert tilrådd å behalde Njøten som opsjonsområde, fordi området kanskje vert for kostbart å byggje ut i denne omgang. Leikvoll-Solend er allereie eit stort område for utbygging, og ein bør operere med ein viss fleksibilitet for utbyggjar til å gjere vurderingar og finne gode løysingar.
- Thoralf Paulsen og Trond Friborg har levert inn separate høyringsfråsegner med same innhald. Dei ynskjer at nordre Kvalvågen som fell utanfor utbygginga i år også skal få fiber, og

viser til bustadutbygging i området. Kommentar: Då BKK vurderte opsjonsområdet i pågående utbygging av fiber, tok dei utgangspunkt i eksisterande hus. Nordre Kvalvågen vert meir attraktivt å byggje ut når husa er kome opp. Det bør leggjast trekkrør for fiber, slik at det vert lettast og billigast mogleg å strekke fiber ut. I denne omgang vert det tilrådd at nordre Kvalvågen vert opsjonsområde.

- Kjetil Haugland har ynskje om breiband til Vikane, og viser til at området ikkje kom med i Mastrevikane som vert bygd ut i år, og heller ikkje med i områda i høyningsgrunnlaget. Kommentar: Vikane fell midt mellom utbygginga i Mastrevik og området Leikvoll Solend. Det vert tilrådd å ta Vikane med som opsjonsområde til Leikvoll-Solend.
- Sætre Automasjon AS og Nora Hansen har i to separate høyningsfråsegner ynskje om breiband til Bakkavegen 311. Sætre Automasjon understrekar deira behov som næringsdrivande. Kommentar: Verksemda og huset er med i opsjonsområde Bakka. Det vert ikkje tilrådd å utvide utbyggingsområdet Kilstraumen-Synnevågen, fordi dette området då kan framstå som for stort.
- Drø-Vel ynskjer å sjå vassleidningen til Rebnor og Øksnes i samanheng med breibandsutbygginga. Dette er vurdert, men utbygginga av vassleidningen er kome for langt. Arbeidet har vore ute på anbod og er under bygging, og det er no for seint å gjere så omfattande endringar. Samstundes er det ikkje sikkert at det hadde vore ei god løysing å leggje fiberkabel i sjø saman med vassleidningen pga at det då hadde vore meir komplisert å reparere eventuelle feil. Når private i dette området grep grøft for vassleidning inn til husa sine, vil det vere ei føremon om dei samstundes legg trekkør for fiber. Då vil dei sleppe luftspenn til husa sine eller alternativt ny grøftekostnad. Ved ny gjennomgang av området vert det tilrådd å leggje Dyrnes til som eit opsjonsområde.
- Helge Dyrikolbotn understrekar at det er viktig at Leikvoll-Solend området får høg prioritet. Kommentar: Området er prioritert som utbyggingsområde for fiber. Dersom ein må prioritere mellom dei områda ein søker tilskot til, kan ein måtte prioritere mellom desse. Høyningsfråsegna følgjer saka.

I sjølve anbodsrunden vil ein gjere som sist ved å leggje opp til opsjonsområde for å prøve å få best mogleg dekning for pengane og for å gi utbyggjarane rom til å kome med løysingsframlegg. I den pågående utbyggingsrunden som vart søkt om i 2013 fekk ein full utteljing på dette, men kor vidt ein lukkast i same grad på ny er usikkert. Det ser ut til å verte større konkurranse om midlane no. Opsjonsområda er følgjande tilhøyrande dei prioriterte områda, samt to sjølvstendige opsjonsområde:

- Kilstraumen, Utkilen og Synnevågen:
 - Ulvøy.
 - Monslaupen og Bakka.
- Leikvoll-Solend:
 - Njøten.
 - Vikane.
- Rebnor-Øksnes:
 - Dyrnes.
- Sjølvstendige opsjonsområde:
 - Nordre Kvalvågen.
 - Leirvåg

Det vert lagt opp til følgjande saksgang: Formannskapet legg utbyggingsplanane ut på høyring, og slutthandsamar grunnlaget for søknaden i 3. juni. Administrasjonen ferdigstiller søknaden, og legg oppdraget ut på anbod dersom ein får tilskot. Formannskapet handsamar som sist valet av tilbod og

gjer eventuelle prioriteringar, dersom det ikkje vert økonomisk grunnlag for å ta full utbygging i 2015. Formannskapet vil også ta stilling til eventuelle prioriteringar av opsjonsområde.

Konklusjon

Det vert søkt Post- og teletilsynet om tilskot til vidare fiberbasert breibandsutbygging i tråd med rammene i denne saka.

Sakspartar